



DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

Møteprotokoll

Råd: Undheim sokneråd
Møtestad: Undheim kyrkje kjellaren
Dato: 06.09.2023
Tid: Kl. 19:00

Følgjande medlemmer møtte	Rolle
Anne Lise Undheim	Medlem
Hanne Brit Sandsmark	Leiar
Ivar Risa	Medlem
Oddvar Undheim	Nestleiar
Per Arne Undheim	Medlem
Tordis Sandvik	Medlem

Forfall
May Brit Merland Arnø

Varamedlem
Kari Haavardsholm

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
038/23	Godkjenning av innkalling
039/23	Godkjenning av referat frå førre møte.
040/23	Meldingssaker
041/23	Jubileumsbåten som kjem 17.09.
042/23	Velkommen hjem
043/23	Gudstenester i 2024
044/23	Medarbeidarfest 24.11.23
045/23	Støtte til weekenddeltakarar med svak økonomi
046/23	Fordelingsnøkkel for utgifter i trusopplæringa i Timekyrkjelege fellesråd
047/23	Soknepreststillinga på Undheim
048/23	Weekenden 22.-24. september
049/23	Open barnehage i Undheim kyrkje

038/23 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blei godkjent.

06.09.2023 Undheim sokneråd

US - 038/23 Vedtak:
Innkallinga blei godkjend.

039/23 Godkjenning av referat frå førre møte.

Forslag til vedtak:

Referat frå sist møte blei godkjent.

06.09.2023 Undheim sokneråd

US - 039/23 Vedtak:

Referatet blei godkjent.

040/23 Meldingssaker

Forslag til vedtak:

Meldingssakene blei tatt til orientering.

06.09.2023 Undheim sokneråd

Behandling:

10.45 Ivar møter og hjelper til med køyring på måndag og hjelper til med køyring av stemmeavlukket.

Hanne Brit, Tordis og Anne Lise er stemmemottakarar fram til 18.00. Anne Lise går litt før. Per Arne, Kari og Ivar kjem og tek over kl. 18.00 eller litt før.

Oddvar, Ivar, Hanne Brit er med til Bryne og tel. Time tel Undheim sine stemmer, og Undheim tel Time sine.

US - 040/23 Vedtak:

Meldingssakene blei tekne til orientering.

041/23 Jubileumsbåten som kjem 17.09.

06.09.2023 Undheim sokneråd

Behandling:

Per Arne, Ivar, Oddvar kan møta kl. 19.00. Frode ser om han kan få med fleire til å bera båten inn 12. september.

Ivar kan hjelpa til med å køyra båten vidare til Gjesdal etter at me er ferdige med båten.

US - 041/23 Vedtak:

Soknerådet gjorde ikkje vedtak i saka.

042/23 Velkommen hjem

06.09.2023 Undheim sokneråd

US - 042/23 Vedtak:

Soknerådet ser på "Velkommen hjem" som eit positivt arrangement, men soknerådet trur at

det ikkje vil bli særleg aktuelt for mange på Undheim å reisa til Bryne. Derfor vel soknerådet å ikkje binda seg til noko ansvar i samband med prosjektet i første omgang.

043/23 Gudstenester i 2024

Undheim sokneråd gjekk inn for å stryka gudsteneste palmesøndag frå faste gudstenester på Undheim.

06.09.2023 Undheim sokneråd

Behandling:

Det er mange ungar som kjem på søndagsskulen kl. 11.00. Eit mindretal av desse kjem på gudstenesta. Skulle me gjort noko for at familieane til dei som går berre på søndagsskulen og ikkje møter til gudstenesta, kjem til

US - 043/23 Vedtak:

Soknerådet vedtok at det ikkje lenger alltid skal vera gudsteneste på palmesøndag, men berre dei gongene denne kjem inn under forordninga.

044/23 Medarbeidarfest 24.11.23

06.09.2023 Undheim sokneråd

US - 044/23 Vedtak:

Soknerådet godkjenner å bruka 9000 kr til festtalar på festen me skal ha i kyrkja. Soknerådet kan vera med hjelpa på kjøkkenet om det er nødvendig.

Denne gongen lar me festen vera open for alle. Me kallar det "Fest i Undheim kyrkje" i staden for Medarbeidarfest for at alle skal kjenna at dei kan komma.

045/23 Støtte til weekenddeltakarar med svak økonomi

Soknerådet gjer dagleg leiar rett til å justera på deltakaravgifta til weekenden dersom nokon tek kontakt fordi dei slit med økonomien.

06.09.2023 Undheim sokneråd

US - 045/23 Vedtak:

Denne saka gjekk ut, sidan weekenden blei avlyst.

046/23 Fordelingsnøkkel for utgifter i trusopplæringa i Timekyrkjelege fellesråd

Forslag til vedtak:

Undheim sokneråd støttar seg til forslaget frå Time kyrkjelege fellesråd om å endra fordelingsnøkkel slik at han blir meir i tråd med kor mykje arbeid som blir utført i trusopplæringa i dei tre sokna. Undheim sokneråd vil dekkja eit eventuelt underskot i trusopplæringa med 15% ut frå eit maksbeløp på 200 000 som blir indeksregulert frå 2013.

06.09.2023 Undheim sokneråd

Behandling:

Undheim sokneråd støttar seg til forslaget frå Time kyrkjelege fellesråd om å endra fordelingsnøkkelen slik at han blir meir i tråd med kor mykje arbeid som blir utført i trusopplæringa i dei tri sokna. Undheim sokneråd vil dekkja eit eventuelt underskot i trusopplæringa med 15% ut frå eit maksbeløp på 200 000 som blir indeksregulert frå 2013.

US - 046/23 Vedtak:

Forslag til vedtak:

Undheim sokneråd støttar seg til forslaget frå Time kyrkjelege fellesråd om å endra fordelingsnøkkelen slik at han blir meir i tråd med kor mykje arbeid som blir utført i trusopplæringa i dei tri sokna. Undheim sokneråd vil dekkja eit eventuelt underskot i trusopplæringa med 15% ut frå eit maksbeløp på 200 000 som blir indeksregulert frå 2013.

047/23 Soknepreststillinga på Undheim

06.09.2023 Undheim sokneråd

US - 047/23 Vedtak:

Undheim sokn har sidan våren 2020 ikkje hatt fast prest til å fylla soknepreststillinga. Dette skuldast sjukemelding. Soknerådet er utålmodige, og ber bispedømmet om å starta prosessen for å få ein fast sokneprest på plass så snart som mogleg.

Dei siste ni åra har det vore mykje vikarar og kortsiktige løysingar, og soknerådet ønsker ei permanent løysing som kan vara over tid, og ikkje berre for nokre få år. Soknerådet håper på ein sokneprest som kan vera med og inspirera barn og unge.

048/23 Weekenden 22.-24. september

06.09.2023 Undheim sokneråd

US - 048/23 Vedtak:

Soknerådet avlyser weekenden denne gongen på grunn av sjukemelding. I tillegg er det ikkje så mange som er påmeldt til weekenden.

049/23 Open barnehage i Undheim kyrkje

06.09.2023 Undheim sokneråd

US - 049/23 Vedtak:

Soknerådet godkjenner at Open barnehage blir ein del av soknerådet sitt ansvarsområde. Deira arbeid vil då komma inn under soknerådet sitt rekneskap.